


## Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

<b>Del 1 - Bakgrunn</b>	<b>3</b>
<b>Del 2 - Forslag til tiltak</b>	<b>10</b>
<b>Del 3 - Budsjettforslag</b>	<b>33</b>
<b>Del 4 - Politisk behandling</b>	<b>46</b>
<b>Del 5 - Vedtekne endringar</b>	<b>54</b>



**Lom  
nasjonalparklandsby**

Sognefjellvegen 6, 2686 Lom  
Telefon: 61 21 73 00  
Epost: post@lom.kommune.no  
[www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no)  
[facebook.com/lomkommune](https://facebook.com/lomkommune)

# Budsjett 2016 Økonomi- og handlingsplan 2016-2019



Budsjettdokument for Lom kommune

<u>Del 1 Bakgrunn for budsjettet</u>	3
1.1 Vurdering frå administrasjonssjefen	3
1.2 Overordna styringssignal og utvikling	4
1.3 Handlefridom i økonomien - prioriteringar	6
1.4 Budsjettprosessen	9
1.5 Målsetting med budsjettarbeidet	9
1.6 Føresetnader for budsjettarbeidet	9
<u>Del 2 Forslag til tiltak frå tenesteområda</u>	10
2.1 Staben til administrasjonssjefen	10
2.2 Støttefunksjonen	11
2.3 Loar skule	13
2.4 Lom ungdomsskule	15
2.5 Loar barnehage	17
2.6 Miljø, teknisk, næring	19
2.7 Helse og velferd	25
2.8 Pleie og omsorg	28
<u>Del 3 Administrasjonssjefen sitt forslag</u>	33
3.1 Prioriteringar og innsparingar i budsjettforslaget	33
3.2 Kraftinntekter og signal om utbytte frå Eidefoss	35
3.3 Budsjett og økonomiplan opp mot den økonomiske handlingsregel	35
3.4 Innstilling frå administrasjonssjefen	36
<u>Del 4 Politisk behandling</u>	46
4.1 Behandling i formannskapet	46
4.2 Behandling i kommunestyret	52
<u>Del 5 Vedtekne endringar i budsjettforslag</u>	54
5.1 Driftsbudsjett	54
5.2 Einingar	55
5.3 Fondskapital	55



## **Del 1 Bakgrunn for budsjettet**

### **1.1 Vurdering frå administrasjonssjefen**

Arbeidet med å få budsjett og økonomiplan 2016-2019 i balanse har vore særdeles utfordrande. Trenden med at løpende utgifter aukar meir enn inntektene held fram. Nedgang i innbyggjartal og inntektssystem, som fører til at mindre distriktskommunar kjem därlegare ut enn snittet, er vesentlege årsaker til dette. Handlefridomen til kommunen er særdeles avgrensa, särleg med tanke på at ein så stor del av løpende utgifter er knytt til løn og sosiale utgifter. Når denne utviklinga både forsterkar seg og verkar over tid fører det til at kommunen er nødt til å gjera nødvendige strukturelle grep og angripe innarbeidd praksis som innbyggjarar, lag- og organisasjoner forventar. For å imøtekoma denne utfordringa må kommunen prioritere lovpålagte oppgåver først og fremst.

Eg viser til Fylkesmannen i Oppland sin vurdering av Lom kommune i sitt kommunebilde for 2015. Dette er nyttig oppdatering og innhold gode råd til kommunen på fleire område. I min kommentar vil eg vise til følgjande:

**Kommunen har hatt høge netto driftsresultat dei siste åra, men vart negativt i 2014. Det tydar at driftsutgiftene i 2014 var høgare enn dei pågående inntektene. Korrigert for avsetning/bruk av bundne fond og premieavvik var netto driftsresultat -4,2 % av driftsinntektene. Disposisjonsfondet er på eit bra nivå, men har vorte gradvis redusert dei siste åra. Lånegjelda i kommunen er på eit moderat nivå. Kommunen har økonomisk handlefridom, men hadde i 2014 ein ubalanse i drifta som ikkje er berekraftig på lengre sikt.\*)**

Det mest vesentlege grepet i 2016 og i resten av økonomiplanperioden er endringa innan pleie og omsorg. Ei dreiling av tenesta i retning av heimebasert omsorg er nødvendig for å ruste seg til framtida og ei økonomisk drift i balanse samstundes som lovpålagt og forventa tenestenivå blir innfridd. Det er fleire faktorar som må arbeidast systematisk med over tid for å nå dette målet. M.a. er det foreslått å bygge bustader øyremuka omsorgstrengande som gjer omstillinga gjennomførbar. Innføring av velferdsteknologi er eit anna døme. Omstillingsprosessen er utfordrande for kommunen og set krav til at alle nivå i kommunen dreg lasset i same retning.

Eg vil og nemne vesentleg høgding av husleige. Kommunen må prioritere å legge leigeprisane på eit nivå som svarar til sjølvkost. Det har over fleire år etablert seg eit nivå som ligg langt under dette, og som fører til at auka nå blir av vesentleg karakter. Tiltaket er likevel nødvendig for å bidra til balanse i drifta av utelegebustader frå kommunen.

Einaste «området» med särleg ressursauke i budsjettframlegget er barnehage. Det er gledeleg at ynskje om barnehageplass er aukande – särleg frå dei alle yngste barna. Kommunen er derfor nødt til å følgje opp dette med tilrettelegging og tilsetting av medarbeidarar.

Busetting av flyktninger held fram og kommunen følgjer busettingsvedtaket. Utfordringa med integrering er stor og må handterast godt for å førebygge at målgruppa unngår å bli for store utgiftsposter på andre område. Det er tendens til dette og er noko av forklaringa på registrert auke i sosialutbetalingar. For å forebygge dette blir midlertidig auke i ressursen til NAV foreslått.

Kommunestyret har som kjent gjort vedtak om ein økonomisk handlingsregel (dette er nærmere omtala i budsjett dokumentet). Måla der blir ikkje nådd i 2016. Ser ein utvikling i økonomiplanperioden vil ein nærme seg måla for fondsavsetning, samtidig som målet på netto driftsresultat blir nådd. Målet for nivå på lånegjeld blir ikkje nådd i perioden. Som følge av betydelege investeringar i 2016 og 2017 aukar lånegjelda til kommunen. For å unngå denne auka må investeringstiltak gå ut. I så fall er det investeringar utan betydelege tilskot og sjølvkosttilnærming ved brukarbetalingar som må prioriterast inn i budsjettet. Investeringar som helsecenter og symjebasseng har ikkje tilskot eller brukarbetalingar i sin finansiering.

Effektivisering og tenesteutvikling vil ha fokus også i 2016. Grunnressursane i kommunen er av marginal karakter for fleire tenesteområde og handlingsrommet dermed noko avgrensa. Bruk av teknologi og digitalisering saman med kontinuerleg utfordring av etablert praksis med fokus på ressurseffektiv tenesteyting vil vera høgt prioritert. Faren med denne ressurrssituasjonen er at ein ikkje vil ha nødvendig utviklingsfokus og kapasitet til slik arbeid. Tilrettelegging for digitalisering med påfølgjande gevinstrealiseringar må det arbeidast med eit grunnlag for i 2016 slik at ein kan utvikle dette på ein god måte.



Ola Helstad  
administrasjonssjef

\*) Kjelde: <https://www.fylkesmannen.no/oppland/kommunal-styring/2015-kommunebilder/lom/> (lese: 24. nov 2015)



*Finansminister  
Siv Jensen la  
fram forslaget til  
statsbudsjett  
7. oktober 2015.  
Foto: Finans-  
departementet*



*Gunn Marit  
Helgesen,  
styreleiar i KS.  
Foto: KS*

## 1.2 Overordna styringssignal og utvikling

### 1.2.1 Utdrag av finansministeren sin kommentar til statsbudsjettet

*“I budsjettet for 2016 legger vi et godt grunnlag for å møte de omstillingene norsk økonomi står overfor. Budsjettet bidrar til vekst i sysselsettingen og til å motvirke ledighet fra lavere aktivitet i oljevirksomheten. Regjeringen legger fram et budsjett for arbeid, aktivitet og omstilling. Samtidig styrker vi det sosiale sikkerhetsnettet for barn som vokser opp i fattige familier, for rusavhengige og voksne som risikerer å falle utenfor arbeidslivet”*

**-finansminister Siv Jensen.**

### 1.2.2 KS si uttale til statsbudsjettet

**”Det økonomiske opplegget i regjeringens forslag om overføring av skatteoppkrevingen fra kommunene til staten**

*Regjeringens oppsiktsvekkende omkamp om skatteoppkrevingen innebarer at det i forslaget til statsbudsjett for 2016 trekkes ut 630 mill. kroner av kommunenes rammetilskudd i 2016. Helårseffekten av uttrekket kommer i 2017 og er på 1 080 mill. kr.”*

*Tekst av Sigmund Engdal*

”Uttrekket tilsvarer det regjeringen mener kommunene vil spare ved at skatteoppkrevingen overføres til staten. Overføringen skjer fra 1. juni (ikke 1. juli slik det står i Kommunal- og moderniseringsdepartementets fagproposisjon). Uttrekket gjennomføres etter delkostnadsnøkkelen for administrasjon, miljø og landbruk.

Regjeringen har ved beregningen kommunesektorens besparelse lagt til grunn at det i 2014 er 1 374 årsverk som arbeider med skatteinnkreving, og at gjennomsnittskostnaden per årsverk er 786 000 kroner. KS anslår på bakgrunn av opplysninger fra Finansdepartementet at lønn- og sosiale utgifter for hvert årsverk utgjør i overkant av 640 000, mens «kontorplasskostnaden» (driftsutgifter) utgjør drøye 140 000 kroner.


Uttrekket fra kommunerammen er fordelt mellom kommunene ved bruk av delkostnadsnøkkelen for administrasjon, landbruk og miljø. Generelt er det slik at uttrekk ved bruk av delkostnadsnøklene i inntektssystemet ikke gir et direkte samsvar mellom det beløpet som trekkes ut og utgiftsredusjoner i de enkelte kommune. Inntektssystemet og uttrekket skal kun ta hensyn til ufrivillige kostnadsforhold/etterspørselsforhold, og ikke prioritering av området i den enkelte kommune.

Dette vil bety at mange kommuner, gitt at staten tar over oppgaven, vil oppleve at uttrekket er høyere enn det kommunen i dag bruker på kommunal skatteinnkreving. Det vil imidlertid også være kommuner der uttrekket er lavere enn kommunens utgifter.


Når uttrekket gjøres etter administrasjonsnøkkelen legges det implisitt til grunn at det er små driftsutlempel/stordriftsfordeler i den tjenesten som trekkes ut. I FoU-rapport som Agenda Kaupang har laget for KS om «Konsekvenser av regjeringens forslag om overføring av skatteoppkrevingen fra kommunene til staten» er spørsmålet om små driftsutlempel/stordriftsfordeler vurdert. Gjennom en spørreundersøkelse kartla Agenda Kaupang hvor mange som jobbet med innkreving i de ulike kommunene. Svarene i spørreundersøkelsen ga ingen indikasjon på små driftsutlempel på de små kontorene med dagens organisering av skatteinnkrevingen. Men analysegrunnlaget er likevel for svakt til å trekke noen konklusjon om at dette skyldes ufrivillige forhold, og ikke den enkelte kommunens prioritering.

Det er Stortinget som beslutter om skatteinnkrevingen skal overføres fra kommunene til staten. KS og et stort flertall av kommunene mener at communal skatteinnkreving fungerer best lokalt, og vi setter vår lit til at Stortinget fortsatt deler denne oppfatningen. Det er først når noe annet blir vedtatt at uttrekk fra kommunerammen blir en realitet. Skulle dette, mot formodning, skje mener KS at det er nødvendig å foreta en gjennomgang av beregningene som ligger til grunn for uttrekket.”

### 1.2.3 Utvikling i folketalet





Folketallet i Lom kommune ved utgangen av året fra 2005 til 2013, og ved utgangen av 3. kvartal 2014.  
(Kjelde: SSB)



Prognosene er basert på dei to alternativa "middels nasjonal vekst" og "sterk aldring".  
(Kjelde: SSB)



— Middels nasjonal vekst  
— Sterk aldring



Prognosar for folketallet i Lom fra 2015 til 2040 fordelt på aldersgrupper.

Prognosane er baserte på dei to alternativa "middels nasjonal vekst" og "sterk aldring".  
(Kjelde: SSB)

— Middels nasjonal vekst  
— Sterk aldring



### 1.3 Handlefridom i økonomien - prioriteringar

#### 1.3.1 Endringar i tilskot frå staten

- Auka i dei frie inntektene til kommunesektoren er på 4,2 milliardar kroner. Sentrale styremakter har i sitt budsjettforslag lagt opp til fortsatt styrking av:
- Helsestasjons – og skulehelsetenesta med 0,2 milliardar kroner
- Rusomsorg og psykisk helse med 0,5 milliarder kroner
- Fleksibelt barnehageopptak med 0,4 milliardar kroner

Føringane i statsbudsjettet er ikkje øyremerka, men er frie midlar. Det er gjort vurderingar av desse føringane utan at det er lagt inn som auke på dei nemnde områda. Gjeldande ressursar er vurdert til å vera tilstrekkelege ut i frå ei totalvurdering.

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring
Skatt på inntekt og formue	-47 362 000	-50 221 000	-2 895 000
Statleg rammeoverføring	-71 514 000	-72 700 000	-1 186 000
Inntektsutjamningstilskot	-11 773 000	-11 834 000	-61 000
Skjønstilstskot	-700 000	-500 000	200 000
<b>Sum tilskot frå staten</b>	<b>-131 349 000</b>	<b>-135 255 000</b>	<b>-3 906 000</b>

#### Fornying i kommunesektoren:

I regjerig sitt forslag til budsjett for kommunesektoren, er det lagt opp til at det skal arbeidast med fornying og utvikling av tenestetilbodet. I Lom kommune sitt budsjettforslag ligg det inne ei betydeleg effekt i omlegging av tenestetilbodet til eldre, der ein oppnår naudsynte innsparinger og får ei meir effektiv drift. Det blir elles arbeidd med digitalisering, der det er mindre innsparinger, men innsparinger i tid som gjer at ein kan få ein betre arbeidsdag eller utført andre tenester på ein betre måte. Arbeidet med kommunen sitt kvalitetssystem har fortsett, det blir arbeidd med digitalisering av delegeringsreglementet, digitalisering innan lønsarbeid m.m. Implementering av e-handel fortsett i 2016. Det er og etablert nytt samarbeid ved at Lom og Skjåk har felles inntakskontor frå 2015.

#### Skatteoppkrevjar:

I 2015 la regjerig fram forslag om å overføre skatteoppkrevjarsfunksjonen frå kommunane til skatteetaten. Dette vart nedstemt i Stortinget. I samband med budsjettforslaget for 2016, tek regjerig opp att forslaget om å overføre skatteoppkrevjarsfunksjonen til Skatteetaten. I statsbudsjettet er det trekt ut kr 450 000 i overføringane til Lom. Ut frå at dette er ei sak som nyleg vart avvist av stortinget, har vi teke beløpet inn att i vårt budsjett.

#### Innlemming av øyremerka middel til øyeblikkeleg hjelp døgnopphald.

Frå 1.1.2016 vil øyremerka middel til øyeblikkeleg hjelp døgnopphald vera ein del av rametilskotet frå staten. Disse midla har tidlegare vore fordelt gjennom Helse- og omsorgsdepartementet.

Øyremerka tilskot til vedlikehald og rehabilitering av skular og omsorgsbygg.

Som tiltak for auka sysselsetting løyver sentrale styremakter middel til vedlikehald og rehabilitering av skular og omsorgsbygg. For Lom kommune er dette beløpet ca. kr 226 000.

#### Dagaktivitetstilbod til personar med demens.

Det blir lagt opp til at kommunane i 2020 får plikt til å opprette aktivitetstilbod på dagtid for heimebuande demente. I statsbudsjettet er det lagt opp til at ein kan opprette slike plassar i 2016, og kan da søke om tilskot til dette frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Forsøksordning med statleg finansiering av omsorgstenestene.

Kommunane er inviterte til å vera med på ei forsøksordning med statleg finansiering av omsorgstenestene.

#### Psykologar i kommunane.

Gjennom stortingsmelding har regjerig varsle lovkrav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det blir gjeve eit tilskot på kr 300 000 til kvart psykologårsverk.

#### Auka kompetanse og kvalitet i barnehagane.

Det blir foreslått å ha middel til auka kvalitet i barnehagane. (Sjå kunnskapsdepartementet for meir informasjon).

### Informasjons- og rekrutteringsarbeid i barnehagane.

Det er lagt inn i rameoverføringane middel til informasjonsarbeid om barnehagetilbodet, retta mot foreldre. I tillegg ligg det i dette middel til auka rekruttering til barnehagane.

Fleksibelt opptak i barnehagane.

I budsjettet for 2016 er det lagt inn midel for å dekke heilårseffekten ved innføring av fleksibelt barnehageopptak.

### Ny naturfagstime.

Regjeringa foreslår å auke timetalet i naturfag med ein veketime frå hausten 2016 for 5.- 7. trinn.

Finansieringa for dette er lagt inn i rameoverføringane.

Forsøk med auka kommunalt ansvar for barnevernet.

Det vil bli sett i verk ei forsøksordning med auka kommunalt ansvar for barnevernet. Eit utval kommunar vil bli plukka ut i forsøket. Middel som BUF-etat nyttar til arbeidet i dag, vil bli overført til kommunane.

### Auka tilskot til lærlingar.

Tilskotet blir gjeve til fylkeskommunane, som fordeler disse midlane vidare til lærlingeplassane. Det er lite arbeid med å administrere lærlingeordninga, og tilskotet som blir gjeve gjer det økonomisk enklare å ha lærlingeplassar. Tilskotet vil bli auke med kr 12 500 pr. lærlingeplass.

### Integrering.

Det blir foreslått eit ekstratilskot for å auke busettinga av flyktningar i kommunane. På landsbasis er denne auke på kr. 50 000 000. Det er og lagt opp til å auke tilskotet for busetting av einslige mindreårige flyktningar.

### Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg.

For 2016 er det og lagt opp til rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg.

(Kjelde: Statsbudsjettet 2016)

### Situasjonen i Lom.

Som ein ser over, er det lagt opp til betydeleg føringar frå sentral styremakter. Situasjonen for Lom er at endring i rameoverføringane er omlag på same nivå som auke i løn- og sosiale utgifter. I tillegg så er Lom i den drifts-situasjonen at den må takast betydeleg ned. Det er store utfordringar med å få teke inn noko av dei tiltaka som er lagt inn i rameoverføringane.

Det er nedgang i rameoverføringane på grunn av folketalesnedgang. I tillegg så har andre delar av landet vekst i folketalet samtidig sin folketalet i landet totalt veks. Dette fører til at kommunar med nedgang, og får mindre overføringer av den grunn at folketalet veks andre stader. Det er ein felles pott som kommunane deler på, basert på folketalet i den enkelte kommune og landet totalt.

Driftsnivået i Lom må som kjent ned. Det blir vist til Årsmelding 2014, der det kjem fram kvar potensialet i Lom kommune er.\*)


Prosess med omstrukturering av pleie- og omsorg er starta. For 2016 er det budsjettert med ein utgiftsreduksjon på kr 1 600 000. Reduksjonen i 2017 vil vera ytterlegare på 2 500 000 i forhold til 2016. Reduksjonen aukar med kr 2 500 000 kvart år i økonomiplanperioden.

Kommunestyret har vedteke ein økonomisk handlingsregel, der det er sett måltal for netto driftsresultat, maksimal lånegjeld og disposisjonsforn. Særleg netto driftsresultat må opp og lånegjeld må ned.


\*) Sjå  
årsmelding  
2014, s. 28 og  
31.



1.3.2 Utvikling i driftsinntekter og driftsutgifter og netto driftsresultat i økonomiplanperioden



Diagrammet over syner utvikling i driftsinntekter og driftsutgifter i økonomiplanperioden. Ein ser betydeleg reduksjon av driftsutgiftene etter planlagt omstrukturering av pleie og omsorg.



Effekten av omstruktureringarbeidet innan pleie og omsorg blir synleggjort ved diagrammet tover, der vi i 2016 vil ha ein balancesituasjon som må dekkast inn av disposisjonsfond, så vil ein i 2017 ha omlag balanse i drifta. Frå 2017 og i 2018 vil ein ha middel til avsetting på fond.

Diagrammet syner også at netto driftsresultat går frå eit negativt resultat til eit bra positivt resultat.

#### 1.3.4 Kraftinntekter

<b>Konsesjonskraft</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Endring</b>
Kjøp	4 500 000	4 429 000	71 000
Sal av konsesjonskraft	-10 350 000	-8 715 000	-1 635 000
<b>Sal av konsesjonskraft - netto</b>	<b>-5 600 000</b>	<b>-4 286 000</b>	<b>-1 564 000</b>

#### 1.3.5 Eigedomsskatt

Lom kommune har eigedomsskatt på eigedomar på Fossbergom og på «Verker og bruk». Grunnlaget for utskrivning av eigedomsskatt på kraftanlegg, som kjem inn under gruppa «Verker og bruk» er fastsett av staten.

<b>Eigedomsskatt</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Endring</b>
Eigedomsskatt verker og bruk	-4 208 000	-4 208 000	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom	-1 725 000	-2 075 000	350 000
<b>Sum eigedomsskatt</b>	<b>-5 933 000</b>	<b>-6 283 000</b>	<b>350 000</b>

Kommunestyret kan gjera vedtak om endring av sats og botnfrådrag

#### 1.4 Budsjettprosessen

Administrasjonssjefen skal legge fram budsjettforslag for formannskapet.  
Det har vore ein budsjettprosess , der budsjettet er godt forankra hjå den enkelte leiar.

#### 1.5 Målsetting med budsjettarbeidet

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 2 %.
- Disposisjonsfond, minimum 10% av driftsinntektene
- Langsiktig gjeld, maksimalt 65% av driftsinntektene

#### 1.6 Føresetnader for budsjettarbeidet

- Årlønsvekst: 2,9 % (Prognose SSB), overheng 0,6 % (KS),– tillegg løn verknad for 2016: 2,3 %.
- Ordinær pensjonskostnader KLP: 18,75 %
- Ordinære pensjonskostnader STP: 11,15 %.
- Kostnader til AFP: Kr 640 000
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %.
- KS prognosemodell vert nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2015
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2015.
- Avdrag basert på nedbetningsplan frå långjevar.
- Utbytte frå AS Eidefoss: kr 6 600 000.
- Bruk av konsesjonskraftinntektene til driftsføremål kr 4 286 000.
- Vidareføring av opphavleg budsjett 2015, med justering av vedtekne endringar.

## Del 2 **Forslag til tiltak frå tenesteområda**

Alle forslaga til tiltak frå det einskilde tenesteområdet er ikkje med i budsjettframlegget frå administrasjonen.

### 2.1 Staben til administrasjonssjefen

#### 2.1.1 Nøkkeltal for skulane


<b>KOSTRA-tal revidert 26.06.2015</b>	<b>Lom</b>			<b>Skjåk 2014</b>	<b>Vågå 2014</b>	<b>Kostra- gruppe3 2014</b>	<b>Opp- land 2014</b>	<b>Noreg u/ Oslo 2014</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>					
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	121 427	127 741	<b>135 312</b>	144 477	122 273	130 137	112 903	101 210
Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbyggjar 6-9 år	2 881	3 396	<b>5 483</b>	6 889	2 076	6 915	3 964	4 026
Netto driftsutgifter til skulelokale, per innbyggjar 6-15 år	21 075	21 665	<b>21 617</b>	22 543	18 662	21 448	18 306	16 438
Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år	4 371	4 556	<b>5 064</b>	6 629	4 911	3 340	3 487	2 016
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, prosent	4,8	5,6	<b>5,3</b>	5,9	3,9	10,5	7,6	8,1
Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt	14,0	15,2	<b>14,1</b>	14,3	11,8	19,6	16,2	17,4
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor, per elev	122 637	133 149	<b>140 970</b>	140 443	123 403	136 785	120 552	110 341
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	2 486	2 941	<b>2 873</b>	1 858	2 017	1 891	1 649	1 412
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 1. - 4. årstrinn	10,7	8,9	<b>8,4</b>	10,9	13,0	10,0	12,0	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 5. - 7. årstrinn	10,3	11,0	<b>8,5</b>	11,6	12,4	9,6	12,0	13,0
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 8. - 10. årstrinn	11,4	12,3	<b>10,9</b>	10,6	13,9	11,5	13,5	14,3
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	37,4	41,3	<b>40,5</b>	39,1	39,4	..	39,7	40,3

#### 2.1.2 Nøkkeltal for barnehagane

<b>KOSTRA-tal revidert 26.06.2015</b>	<b>Lom</b>			<b>Skjåk 2014</b>	<b>Vågå 2014</b>	<b>Kostra- gruppe3 2014</b>	<b>Opp- land 2014</b>	<b>Noreg u/ Oslo 2014</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>					
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehager	127 227	120 683	<b>117 991</b>	150 500	111 451	137 297	127 507	128 579
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,6	83,2	<b>89,1</b>	88,9	90,3	91,0	91,1	90,9
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	75,9	65,9	<b>74,8</b>	73,6	79,6	77,2	77,1	77,5
Korr. brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	174 529	170 847	<b>155 765</b>	191 195	145 963	181 391	171 846	173 675
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert oppholdstime	67	69	<b>61</b>	66	54	62	61	58
Andel ansatte med førskulelærarutdanning	40,5	41,2	<b>40,0</b>	41,9	33,9	32,2	35,6	35,0
Andel ansatte med anna pedagogisk utdanning	2,7	2,9	<b>3,3</b>	-	-	4,3	5,4	4,3
Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (m2)	5,4	5,4	<b>4,0</b>	8,2	6,4	7,4	6,4	5,8

## 2.2 Støttefunksjonen

### 2.2.1 Status og analyse (SWOT)



### 2.2.2 Nøkkeltal

<b>Finansielle nøkkeltal KOSTRA-tal revidert 26.06.2015</b>	<b>Lom</b>			<b>Skjåk 2014</b>	<b>Vågå 2014</b>	<b>Komm.- gruppe 2014</b>	<b>Opp- land 2014</b>	<b>Noreg u/Oslo 2014</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,0	1,7	-6,2	0,1	-1,8	1,4	-0,2	0,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto drifts-inntekter	6,2	6,3	<b>-1,1</b>	3,6	0,7	1,6	1,0	1,0
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	51 837	53 818	<b>54 881</b>	55 617	55 641	56 740	49 279	48 610
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	190,3	198,7	<b>233,2</b>	221,5	245,2	228,0	205,6	210,6
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	36,9	31,8	<b>41,0</b>	50,7	14,9	16,3	17,8	14,3
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	41 539	53 421	<b>56 062</b>	11 092	74 294	71 503	45 749	50 139

### 2.2.3 Målekart

<b>Fokus-område</b>	<b>Kritisk suksess-faktor</b>	<b>Indikator</b>	<b>Noreg</b>		<b>Støttefunksjonen</b>		
			<b>res.</b> <b>2014</b>	<b>res.</b> <b>2014</b>	<b>mål</b> <b>2015</b>	<b>mål</b> <b>2016</b>	
Brukarar	Opplevd kvalitet	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	4,7	4,7	5,0	4,8	
		Støttefunksjonen er løysingsorientert	4,5	4,4	4,7	4,7	
		Støttefunksjonen held avtalde fristar	4,4	4,2	4,6	4,6	
		Støttefunksjonen tydeleg gjer tenestene eg kan få	4,4	4,4	4,7	4,7	
Målt kvalitet	Andel saker handsama innan 14 dagar				80 %	80 %	
		Total score i kvalitet på heimesida			75 %	85 %	85 %
		Besökande på kommune-nettstaden pr. månad	1 701	5 000	8 000		
Brukarar biblioteket	Målt kvalitet	Utlån pr. innbyggjar			1 i Oppland	1 i Oppland	
	Opplevd kvalitet	Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg?	5,9	5,4	5,9	5,4	
		Er det mogleg å påverke lånetilbudet?	5,4	5,4	5,2	5,4	
Med-arbeidarar	Målt kvalitet	Korleis er informasjon om nye bøker?	5,0	5,4	5,2	5,2	
		Sjukefråvær korttid			1,0 %	1,6 %	1,0 %
		Sjukefråvær langtid			0,5 %	1,6 %	1,0 %

Brukars- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

### 2.2.4 Forslag til tiltak

#### **Drift 2016 – 2019 (nye tiltak over 100 000 kroner eks. mva)**

<b>Tiltak</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
IT - konsulent 50 % (Samarbeid med Skjåk).	245 000	245 000	245 000	245 000
Tilskot dagleg leiar Lom og Skjåk IL	150 000	150 000	150 000	150 000



## 2.3 Loar skule

### 2.3.1 Status og analyse (SWOT)



### 2.3.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for barneskulane er oppgjevne i kapittel 2.1.1 på side 10.

### 2.3.3 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg		Loar skule	
			res 2014	res 2014	mål 2015	mål 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel*	4,4	4,5	4,5	4,5
		Mobbing på skulen	1,2	1,1	1,0	1,0
		Vurdering for læring*	4,0	4,0	4,0	4,0
		Tilfreds med dialog heim-skule		4,1		
		Nasjonale prøver 5. steg lesing. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå.	23,2 %	25,9 %	20 %	20 %
Målt kvalitet	Nasjonale prøver 5. steg rekning. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå.		24,5 %	11,1 %	20 %	20 %
		Sjukefråvær korttid		3,2 %	1,5 %	1,5 %
Målt kvalitet	Sjukefråvær langtid		3,5 %	1,5 %	1,5 %	

Medarbeidarundersøking, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

### 2.3.4 Konsekvensar ved kutt i skulen

Vi har kutta i delingstimar, i assistent og i SFO. Konsekvensane av dette er:

- Meir behov for vikarar dersom det er sjukdom og ikkje delingstimar.
- Mindre fleksible løysingar i klasserommet fordi ein missar deling.
- Mindre tid til kvar elev – därlegare oppfølging i fag.
- Ei prioritering av basisfaga vil gå ut over dei andre faga, därlegare oppfølging.
- Assistentane blir mindre fleksible i arbeidsdagen sin.
- Auka vikarutgift ved fråver av assistent fordi vi har assistenter berre på vedtak, altså lovfesta.
- SFO vil bli enda mindre fleksibel. Stramma inn slik at det er minimalt med tilsette. Ved fråver må det inn vikar, difor auka vikarutgift. Dersom det er elevar med spesielle behov som skal ha SFO, må vi ha inn fleire vaksne, jf. vedtekten.
- Ved mindre bemanning i SFO vil det gå det ut over brukartilfredsheita grunna personalet vil ha mindre oversikt.



Frå Fjordringsmartnan 2015

## 2.4 Lom ungdomsskule

### 2.4.1 Status og analyse (SWOT)

#### Nåtid

##### Styrke:

- Høg kompetanse og stabilitet i personalet.. Godt arbeidsmiljø med svært lågt sjukefråver
- God ressurstilgang/politisk og administrativ forståing.
- Godt samarbeid med PPT som gjør at vi får følgt godt opp elevar som har behov for hjelp.
- Nesten alle elevane fullfører vidaregåande utdanning.

#### Framtid

##### Moglegheiter (prioriterte):

- Vidareutdanning av lærarar. Mattesatsinga som er sett i gong vil, gjere lærarane enda betre kvalifisert til å auke den matematiske forståinga hos elevane.
- Tett samarbeid mellom skule, PPT, helsestyrer og Bup for å førebyggje og hjelpe elevar som slit psykisk.
- Viktig med tett oppfylgjing av einskildelevar(stor lærartettleik) slik at dei får det læringsutbytet som er naudsynt for å fullføre vidaregåande utdanning.

## SWOT

#### Kritiske forbetringsbehov (prioriterte):

- Mykje av datautstyret på skulen har gått ut på dato. Spesielt gjeld dette lærarmaskiner. I tillegg bør skulen få 20 nye berbare PC-ar til elevbruk og 10 nettbrett..
- Mange elevar slit med psykiske plagar. Dette gjev seg utslag i fråver og problem med å følgje opp skulearbeidet.

#### Spesielle utfordringar (prioriterte):

- Viktig at det blir lagt til rette for at lærarane får tid til å følge opp den kursinga som er sett i gong i matematikk/rekning for å auke den matematiske forståinga hos elevane. Mange elevar slit med matematikk fordi dei manglar matematisk forståing.
- I budsjettet må det kome på plass middel til å fornye dataparken på skulen. Skulen må også sørge for at lærarane gjennom kursing aukar sin datakompetanse. Utviklinga innan dataeknologien går så fort at dataferdigheit som var god i går, er for gammal i dag
- Grunnskulen i Lom bør få ein sosiallærar slik at ein kan førebyggje og hjelpe elevar som slit psykisk og sosialt.

### 2.4.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for skulane er oppgjevne i kapittel 2.1.1 på side 10.

### 2.4.3 Målekart

<b>Fokus- område</b>	<b>Kritisk suksessfaktor</b>	<b>Indikator</b>	<b>Lom ungdomsskule</b>			
			<b>Noreg res 2014</b>	<b>mål 2014</b>	<b>res 2015</b>	<b>mål 2016</b>
*) Sjukefråver på landsbasis er ikkje teke med, for skulen er det dei 8 siste månadane som er med	Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel		4,0	4,5
			Støtte frå lærarane		4,2	4,2
			læringskultur		3,9	3,9
			Mobbing på skulen		1,3	1,2
			Vurdering for læring		3,6	4,0
	Målt kvalitet		Tilfreds med dialog heim-skule		4,3	4,2
		Gjennomsnitt grunnskulepoeng		40,50 %	39,5 %	40,5
		Resultat NP lesing 9. klassenivå 1 og 2 av 5 nivå		9,0 %	10,0 %	10,0 %
		Resultat NP regning 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå		12,0 %	15,0 %	12,0 %
		Sjukefråvær korttid	*)	1,7 %	3,0 %	3,0 %
		Sjukefråvær langtid		5,5 %	3,0 %	3,0 %



Vassveg

## 2.5 Loar barnehage

### 2.5.1 Status og analyse (SWOT)



### 2.5.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for barnehagane er oppgjevne i kapittel 2.1.2 på side 10.

### 2.5.3 Målekart

<b>Fokus- Kritisk område suksessfaktor Indikator</b>		<b>Noreg res.</b>	<b>Loar barnehage mål mål</b>		
		<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	5,5	5,6	5,6
	Foreldra sine moglegeheiter for medverknad over barnehagetilbodet	5,1	5,1	5,0	5,1
	Respektafull behandling av barnet	5,4	5,6	5,6	5,6
	Barnehagens bidrag til språkutviklinga	5,1	5,2	5,5	5,5
	Andel 4 - og 5 åringer som seier at dei har ein venn i barnehagen		100 %	100 %	1,0
Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste	0	0	0	
Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	4,6	%		
	Sjukefråvær langtid	6,2	%		

Brukars- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).



Flaumstor Prestfoss

## 2.6 Miljø, teknisk, næring

### 2.6.1 Status og analyse (SWOT)



### 2.6.2 Nøkkeltal

<b>KOSTRA-tal revidert 13.08.2014</b>	<b>Lom</b>			<b>Skjåk</b>	<b>Vågå</b>	<b>Kostragruppe 3</b>	<b>Oppland</b>	<b>Noreg utan Oslo</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>
Årsgebyr for vassforsyning	2667	2770	<b>2870</b>	2081	5563	3542	3780	3317
Årsgebyr for avlaupstenesta	3379	3874	<b>3725</b>	5 497	4 807	3 637	4 880	3 655
Årsgebyr for avfallstenesta	1930	1887	<b>1958</b>	2 190	1 453	2 860	2 048	2 645
Gjennomsnittleg saksbehandlings-tid, opprettning av grunneigendom (kalenderdagar)	33	24	<b>24</b>	57	9	..	56	57
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	49 406	61 000	<b>40 625</b>	56 853	94 462	81 984	104 936	120 955

### 2.6.3 Målekart

Brukars- og medarbeidarundersøkingar har karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

Fokus- område	Kritisk suksess- faktor	Indikator	Noreg		Lom	
			res 2014	res 2014	mål 2015	mål 2016
Brukarar	Opplevd kvalitet	Resultat for brukarane, byggjesak		5,0	5,0	5,0
		Generell oppleveling av kvalitet, byggjesak		5,0	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vasstrykk		5,5	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet		5,3	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, tillit og respekt		5,5	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge		4,9	5,0	5,0
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon		4,9	5,0	5,0
		Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet		4,7	5,0	5,0
		Renhaldstenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få			5,0	5,0
Brukarar	Opplevd kvalitet	Vaktmestertenesta leverer tenester av god kvalitet		4,9	5,0	5,0
		Vaktmestertenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få		5,0	5,0	5,0
	Målt kvalitet	Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	100 %	100 %	100 %	
		Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	99 %	100 %	100 %	
Ressurs- styring	Avklaring av forventning	Andel tenestestader med serviceerklæring	15 %	50 %	50 %	
	Prioritering	Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
		Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
		Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
		Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %	
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,7 %	2,5 %	2,5 %	
		Sjukefråvær langtid	3,3 %	2,5 %	2,5 %	

Brukars- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).



### 2.6.4 Forslag til tiltak

#### Investeringar (nye tiltak over 100.000 kroner)

Tiltak	2016			2017			2018			2019					
	Ex.	Mva	%	Inkl.	mva	Ex.	Mva	%	Inkl.	mva	Ex.	Mva	%	Inkl.	mva
Lom miljøstasjon - asfaltering	210 000	25	262 500		25	0		25	0		25	0		25	0
Lom miljøstasjon - kjøp av 2stk containinarar	160 000	25	200 000		25	0		25	0		25	0		25	0
Skiltplan	420 000	25	525 000		25	0		25	0		25	0		25	0
Leirmo RA, overføring til Galdesand RA	8 000 000	25	10 000 000		25	0		25	0		25	0		25	0
Avløpspumpestasjoner, opprusting	1 750 000	25	2 187 500	1 750 000	25	2 187 500		25	0		25	0		25	0
Garmo RA, totalrenovering		25		0 8 500 000	25	10 625 000		25	0		25	0		25	0
VA leidningar, generelt utskifting, (kum Leirmo i 2016)	100 000	25	125 000		25	0	500 000	25	625000	500 000	25	625000			
Kroken bustadfelt, veg 4(Lientomta)	200 000	25	250 000		25	0		25	0		25	0			
Kollavegen, restaurering	150 000	25	187 500	150 000	25	187 500	150 000	25	187500	150 000	25	187500			
Brannbil	638 000	25	797 500		25	0		25	0		25	0		25	0
Loar Barnehage. Utskifting av tak på Losjehuset.	105 000	25	131 250		25	0									
Eggjalia. Utskifting av vindauger på arbeidssenteret.	170 000	25	212 500		25	0									
Lom helseheim. Oppgradering av varmeanlegg	200 000	25	250 000		25	0									
Lom Helseheim. Ny pasientvarsling. Prosjektering				125 000	1 200 000	25	1 500 000								
Lom Helseheim. Solavskjering av pasientrom	100 000	25	125 000		25	0									
Utskifting av leikeapparat ved Loar skule.	200 000	25	250 000	100 000	25	125 000									
Loar Barnehage. Bygning for soveplass og lagring av barnevogner.	565 000	25	706 250		25	0		25	0		25	0		25	0
Lom Ungdomskule. Utskifting av solavskjerming	100 000	25	125 000												
Gamle Loar. Solavskjerming.	210 000	25	262 500												
Loar skule. Utskifting av ytterdører og montering av adgangskontroll på 3 bygg.		25		500 000	25	625 000									
Lom Helseheim. Ombygging til 2 kontorplassar for sjukepleiarar.	365 000	25	456 250		25	0		25	0		25	0		25	0
Garmo oppvekstsenter. Masseutskifting/reasfaltering	290 000	25	362 500												
Loar skule. Tilbygg møterom.		25		260 000	25	325 000		25	0		25	0		25	0
Tiltakspakke uteanlegg. Loar barnehage: Grind/Adkomst. Loar skule: Oppgrusing av fotballbane og grind ved storstabbur.		25	0	140 000	25	175 000		25	0		25	0		25	0
Lom Ungdomskule. Montering av låsesystem på ytterdører.	105 000	25	131 250		25	0		25	0		25	0		25	0
Opparbeining av parkering på tomt til tidlegare vaktcentral. Behov frå Presthaugen og Loar skule	110 000	25	137 500		25	0		25	0		25	0		25	0
Riving av doktergarden.		25	0	420 000	25	525 000		25	0		25	0		25	0

**Kommentarar og merknader til framlegg til nye investeringstiltak**

- Leirmo og Garmo renseanlegg er bygd og har vore i drift frå ca. 1979. Kommunedelplan avløp er vedteke av kommunestyret, framlegg til oppgradering av anlegga er i tråd med vedtak i overordna plan. Det er utarbeida forprosjekt i 2014 for å klargjera ytre ramer som grunnlag for val av hovudløsing, forprosjekt angjev kostnadsoverslag. Det er i 2015 gjennomført ein open anbodskonkurranse med entreprise for bygg og entreprise for tekniske fag- prosess, det blei ikkje motteke tilbod på arbeidet. Det er innhenta direktesett tilbod frå to leverandørar. Prisnivå ligg nesten to gongar over kalkyler i forprosjekt, kommunen har takka nei til tilboda. Med bakgrunn i dette er overføring av avløpet frå Leirmo RA til Galdesand RA aktuelt. For desse to prosjekta må kommunen starte på nytt og det blir lagt opp til: Leirmo RA, avløpet blir overført til Galdesand RA med ny avløpsleidning. Budsjett 8 mill. kr i 2016. Garmo RA rehabilitering. Budsjett 8,5 mill. kr i 2017. Kostnader som er lagt til grunn for budsjett med bakgrunn i forprosjekt 2014 samt tilbodsrunde 2015.
- Avløspumpestasjoner opprusting, stort sett stasjoner frå slutten av 1970 talet. Kommunedelplan avløp er vedtatt av kommunestyret, framlegg til oppgradering av anlegga er i tråd med vedtak i overordna plan. Det er utarbeidd tilstandsvurdering med kostnadsoverslag september 2015 som grunnlag for budsjett. Totalt 3,5 mill. kr fordelt over 2016 og 2017.
- Utskifting av VA leidningar. Kommunedelplan avløp er vedteke av kommunestyret, framlegg til utskifting av VA leidningar er i tråd med vedtak i overordna plan. Tiltak i 2016 med kr 100 000,- er utskifting av kum for å redusere vasslekkasje. Dei andre tiltaka blir vurdert nærmare på seinare tidspunkt.
- Kroken bustadfelt, veg 4. Opparbeiding av veg 4 i reguleringsplan for Kroken bustadfelt, tiltaket kan gjennomførast etter at «Lientomta» er innløyst av kommunen. Tiltak i 2016 med kr 200 000,-.
- Kollavegen restaurering, veganlegget ligg inne i nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne. Norsk vegmuseum bidreg med tilsvarande beløp som kommunen. Framlegg til kommunale midlar med kr 150 000,- årleg i ØK- plan periode. Dvs. årleg ramme på kr 300 000,-.
- Innkjøp av ny brannbil LSB. Kommunestyret har i sak 23/2015 gjeve løying med kr 638 000,-
- Loar Barnehage. Utskifting av tak på Losjehuset. Skifertak med skifer som byrjar å gå i oppløsing. Vedlikehald/HMS. Ungane leikar seg rundt bygget.
- Eggjalia. Utskifting av vindauge på arbeidssenteret. Vindauge er frå byggeåret, er svært trekkfulle og kan ikkje opnast utan fare for at dei dett ut. Vedlikehald/HMS/ENØK.
- Lom Helseheim. Oppgradering av varmeanlegg. Ber om midlar for ein gjennomgang av varmeanlegg for kartlegging av innsparingsmoglegheiter og seinare utskifting av bla automatikk og shunter. Anslått innsparing 30 000 kWh/år. Vedlikehald/ENØK.
- Lom helseheim. Ny pasientvarsling, prosjektering/Installering. Store utfordringar ved vedlikehald av dagens varslingsanlegg. Utskifting til pasientvarsling med dagens teknologi. HMS.
- Lom helseheim. Solavskjerming av pasientrom i avd. 1 og 2. Pasientromma har ein temperatur langt over det anbefalte på dei varmaste dagene. Innmeldt ved fleire vernerunder.
- Loar skule. Utskiftning av leikeapparat ved Loar skule. Fleire av dei større leikeapparata er i si tid satt opp via god dugnadsinnsats. Beklagelegvis i konflikt med gjeldande regelverk. Avvik ved kontroll av leikeapparat har ført til stenging av apparat.. HMS.
- Loar Barnehage. Bygning for soveplass og lagring av barnevogner. Plassmangel i eksisterande bygg.
- Lom Ungdomskule. Utskifting av solavskjerming. Inneklima/HMS

- Gamle Loar solavskjerming, Inneklima/HMS
- Loar skule. Utskifting av ytterdører og montering av adgangskontroll/låsesystem. Ytterdører modne for utskifting. Ynskje om adgangskontroll for betre sikkerheit.. HMS/ENØK.
- Lom helseheim. Ombygging til 2 kontorplassar for sjukepleiarar. Behov for 2 arbeidsplassar og stillekontor.
- Garmo oppvekstsenter. Masseutskiftning/reasfaltering i front av bygget. Uroleg grunn/telefarleg masse har ført til skader på drenering og asfalt.
- Loar skule. Møterom. Generelt plassmangel på skulen. Eksisterande møterom er for lite.
- Loar skule. Tiltakspakke uteområdet. Oppgrusing av fotballbane: Dekke på fotballbana er ein blanding av jord, gras/grus. Tiltaket vil betre sjølve bana og ikkje minst vera eit tiltak for reinhaldet inne på skulen. Grind ved storstabburet. Skulen slit med trafikken gjennom skulegarden, ei grind vil halde nede farten på syklistane og forhåpentlegvis føre til bruk av alternative vegar.
- Lom Ungdomskule. Montering av låsesystem/adgangskontroll på ytterdører. Utfordringar med dører som ikkje vert låst. HMS.
- Presthaugen. Opparbeidiing av parkeringsplass på tomta til tidlegare vaksentral. Behov for parkering i samband med Loar skule og Presthaugen. Trafikksikkerheit.
- Lom miljøstasjon. Asfaltering: Legging av asfalt ved område mellom treavfall og containarar for rest- og grovavfall for å forbetra forholda for tilsette og besökande. Innandørs lagerplass: Innkjøp av 2 stk. skipscontainarar. Nåverande hall for innandørs lagring av avfall er for liten, hallen er fult utnytta. Aktiviteten på miljøstasjonen har dei seinare åra auka, dette utløyser behov for meir innandørs lagerplass. Innkjøp av 2 stk. skipscontainarar vil dekke behovet for innandørs lagring av enkelte avfallsfraksjonar.



Yrande liv i skulegarden på Loar

**Drift (nye tiltak over 100.000 kroner)**

Tiltak	2016	2017	2018	2019
Auka ramme på vedlikehaldsbudsjet for å bremse etterslepet innan vedlikehaldsbehovet på kommunale bygg.	125000	125000	125000	125000
Auka bemanning innan reinhald (Eiga sak)	0	0	0	0
Auka bemanning innan vaktmesterteamet	0	0	0	0
Drift- vedlikehald av kommunale vegar	437500	437500	437500	437500
Støtteordning - reintbrennande ovnar	100000	100000	100000	100000

**Kommentarar og merknader til framlegg til nye driftstiltak**

- Drift og vedlikehald av kommunale vegar.

Budsjettrammer er vidareført utan auke over mange år. Kontrakt med entreprenør er indeksregulert og over 12 år utgjer dette ca. 50 % auke i kostnadene. Ved budsjett for 2010 ble i tillegg rame redusert med 10 %. Rekneskapen dei siste åra viser meirforbruk i forhold til budsjett. KOSTRA tal viser at Lom kommune har låge kostnader med drift og vedlikehald pr. km veg. Budsjettrame dekkjer ikkje lenger fast drift av vegnettet, prioritering av vedlikehald og uføresette hendingar er det dermed ikkje rom for. Ved stort etterslep på vedlikehaldet vil meirkostnad for igjen å heve standarden kunne bli det mangedoble. Dette er bakgrunn for framlegg til 50% auke i budsjetttrame med kr 345 000,- pr. år i periode. (Budsjett bør regulerast etter indeks kvart år).

Standard på vinterdrift av vegar kan reduserast, dette har delvis vore prøvd. Med bratte vegr i bustadfelt skapar dette mange reaksjonar frå publikum, samt universelt tilgjenge blir dårlegare. Etter veglova kan kommunen omklassifisere delar av vegnettet til privat veg. Dette er mest aktuelt å vurdere for enkelte grøndevegar, slike prosessar skaper reaksjonar frå dei som blir råka med kostnadene. Kommunen får prosessomkostning og innsparingspotensialet er beskjedent.

- Auka bemanning innan reinhald.

Dagens underbemanning slit på den enkelte reinhaldar og gjer det vanskeleg å utøve eit tilfredsstillande reinhald på dei ymse bygga. Ved Lom helseheim er ikkje årleg hovudvask med i gjeldande reinhaldsplan. I same reinhaldsplan er ansvaret for delar av reinhaldet på bebuarrrom lagt til pleiarane, noko dei ikkje finn tid til.

Ved Loar skule har vi slete med underbemanning over tid, og utfordringa vart enda større etter nedlegging av Garmo skule. Rom blir brukt hyppigare og det er generelt behov for større ressursar. Vi har og områder som ikkje er med i dagens reinhaldsplan som kontor på Pensjonatet.

Ved endring av bruk/areal må bemanning vurderast.

- Auka ramme på vedlikehaldsbudsjet.

I forhald til kostnadsauke og større areal /meire komplekse bygg blir handlingsrommet for vedlikehald mindre for kvart år. Store delar av budsjettet går med til brannsløkkjing, og lite til planlagt vedlikehald. Ei auke i vedlikehaldsbudsjetten vil i større grad mogleggjera planagt vedlikehald og ta betre vare på brukarane av bygga og kapitalen dette utgjer.

- Auka bemanning innan vaktmesterteamet.

Bemanninga innan vaktmesterteamet har vore uendra over lang tid. Meir komplekse bygg/anlegg og større areal gjer at det er behov for større bemanning om oppgåvene skal utførast som forventa og etter krav. Krav via Internkontrollforskrift, lov om brannforebyggande tiltak og tilsyn og arbeidsmiljøloven.

- Støtteordning - reintbrennande ovnar

I klimaplanen er det foreslått at Lom kommune frå 2010 årleg skal setje av kr. 300.000 til tilskot for å stimulere til auka bruk av biobrensel – medrekna pellets og ved – i private hushaldningar. Deler av det som er foreslått i planen kjem inn under tilskotsordninga i Enova sitt støtteprogram, det er først og fremst utskifting til reintbrennande vedomn og flis- og vedfyring basert på vassboren varme som er aktuelt for kommunal tilskotsordning. Det blir derfor foreslått ein redusert årleg sum kr 100 000.

## 2.7 Helse og velferd

### 2.7.1 Status og analyse (SWOT)



### 2.7.2 Nøkkeltal

KOSTRA-tal revidert 26.06.2015	Lom			Skjåk		Vågå		kostra- gruppe3	Opp- land	Noreg u/Oslo
	2012	2013	2014	2014	2014	2014	2014			
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstenesta	5 636	6 397	<b>4 219</b>	5 538	5 395	9 671	8 578	7 986		
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-17 år	4,2	4,2	<b>4,2</b>	2,7	2,6	..	..	..	4,8	
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	140 909	149 268	<b>154 176</b>	102 510	11 273	..	..	..	87 506	
Netto driftsutgifter sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år	818	1 029	<b>5 096</b>	3 829	3 079	2 558	2 892	3 137		
Andelen sosialhjelpsmottakarar 20-66 år, av innbyggjarar 20-66 år	2,7	2,8	<b>3,3</b>	3,8	4,8	:	:	3,9		
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	4578	4577	<b>4376</b>	4614	3899	3815	2666	2317		
Legearvsverk pr 10.000 innb., kommunehelsetenesta	14,4	15,2	<b>15,3</b>	17,8	14,4	13,7	11,8	10,4		
Fysioterapiårsverk per 10.000 innbyggjarar, komm.helsetenesta	7,6	9,7	<b>9,8</b>	13,4	12,9	10,3	11,1	9,0		

## 2.7.3 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Helse og velferd			
			Noreg res 2014	res 2014	mål 2015	mål 2016
Brukar Barnevern	Opplevd kvalitet	Barnevernstenesta bidreg til at ditt barn får det betre				
		I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandlar deg med respekt?	*)	4,8	4,8	
		Kor fornøyd er du med moglegheita for å få kontakt med barnevernstenesta (tlf./fysisk oppmøte/post)?	*)	4,8	4,8	
		Barnevernstenesta tek omsyn til dine ynskjer og behov	*)	4,5	4,5	
		Barnevernstenesta gjev meg nok informasjon	*)	4,8	4,8	
		Barnevernstenesta tek deg på alvor	*)	4,8	4,8	
		Alle lovpålagede fristar skal haldast	*)	1,0	1,0	
		Alle saker har sluttrapport etter endt undersøkjing	*)	1,0	1,0	
		Alle barn har ein aktiv tiltaksplan	*)	1,0	1,0	
		Barne- og fam.verngruppa besøkje alle barnehagar og skular i året	*)	5,0	5,0	
Brukarar psykisk helse	Opplevd kvalitet	I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til at du får eit meir aktivt liv				
		I kor stor grad opplever du at tenesta du mottek bidreg til auka tryggleik i kvardagen for deg?	3,5	3,9	3,6	3,9
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette i tenesta behandlar deg med respekt?	3,4	3,6	3,6	3,8
Brukarar sosial-tenesta	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at tenesta behandlar deg med respekt?	3,8	4,0	4,0	4,0
		Kor nøgd er du med informasjon og rådgjeving frå sosialtenesta for å koma ut av ein vanskeleg situasjon?	*)			3,0
		I kor stor grad tykkjer du at sosial-tenesta tek deg med på råd?	*)	3,0	0,0	
Brukarar helse-stasjonen	Opplevd kvalitet	Kor nøgd er du med høvet til å få timeavtale?	*)	3,3	0,0	
		Målt kvalitet	Gjennomsnittleg stønadslengde i månader for mottakarar av økonomisk sosialhjelp	*)		
		Andel mottakarar av økonomisk sosialhjelp med stønad i 6 månadar eller meir	*)			
Brukarar ergo-terapi	Opplevd kvalitet	Korrigerte driftsutgifter til sosial-tenesta pr. mottakar	*)			
		I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen?	5,0	4,6	4,5	4,8
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt?	5,7	5,5	5,3	5,5
Brukarar fysio-terapi	Opplevd kvalitet	Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen	5,0	5,0	4,7	5,0
		I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til?	**)			5,1
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	**)			5,6
Brukarar målt kvalitet	Opplevd kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergo-terapiteneste er akseptabel?	**)			4,9
		I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til?	5,1	5,1	4,8	5,1
		I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt?	5,6	5,7	5,6	5,6
Brukarar Sjukefråvær korttid	Målt kvalitet	I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysio-terapiteneste er akseptabel?	4,8	4,8	4,6	4,8
		Sjukefråvær korttid		4,40 %	<3,0%	<3,0%
		Sjukefråvær langtid		7,50 %	<5,0%	<5,0%

\*)For få svar på undersøkinga. Skjæk er arbeidsgjørar

\*\*)For få svar på undersøkinga.

### 2.7.4 Forslag til tiltak

#### Investeringar 2016 – 2019 (nye tiltak over 100 000 kroner eks. mva, tal i heile tusen kr.)


Tiltak	2016			2017			2018			2019			
	Ex.	Mva	Inkl.	mva	%	Ex.	Mva	Inkl.	Ex.	Mva	%	mva	
Bygging av ny ambulansestasjon	3350000	25 %	4187500			25	0		25	0		25	0
Ombygging helsecenter og 3.etg. Midtbygg	12000000	25 %	15000000			25	0		25	0		25	0
Nytt ventilasjonsanlegg	850000	25 %	1062500			25	0		25	0		25	0

#### Drift 2016 – 2019 (nye tiltak over 100 000 kroner eks. mva, tal i heile tusen kroner)

Tiltak	2016			2017			2018			2019			
	Ex. mva	Mva %	Inkl. mva										
Styrking av helgestasjon/skulehelsetenesta	320000	0		320000	0		0320000	0	320000	320000	0	320000	
Styrking av sekretærfunksjonen på legekontoret	100000	0	100000	100000	0	100000	100000	0	100000	100000	0	100000	
Ekstra saksbehandlarressurs på Nav	260000	0	260000		25		0		25		0	25	0

#### Kommentarar og merknader til forslag til driftstiltak

- Styrking av helgestasjon/skulehelsetenesta - spesielt retta mot psykisk helse barn og unge - jfr. sentrale føringar i 2013/2014/2015/2016 - + 50% stilling. I tillegg lagt inn 22.500 til andre auka driftsutgifter - ein person til.
- Styrking av sekretærfunksjonen på legekontoret + 20% stilling. Stort trykk på sekretærane - Lom har den lågaste bemanninga på dette området i heile regionen.
- Ekstra saksbehandlarressurs på Nav - deling av kostnad med Skjåk - årsak bortimot 50% av sosialhjelpsmottakarar er flyktningar - tilrår bruk av integreringstilskott for å finansiere stillinga. Lom sin andel inkl. sos. Utg. ca. kr 260.000.



Lom frå Liafjellet

## 2.8 Pleie og omsorg

### 2.8.1 Status og analyse (SWOT)

#### Nåtid

##### Styrke:

- Endringsklar sektor, føreligg ressurs- og driftsanalyse
- God prosess i høve til dokumentasjon (elektronisk pasientjournal, innarbeidning av rutinar (kvalitetssystemet) og bruk av intranett (referat, reglement))
- SAM-AKS
- Samarbeid med habiliteringstenesta
- Læringsnettverk (pasienttryggleikskampanjen Helsedirektoratet)
- Prosess i gang med å integrere heimehjelpene og heimesjukepleia
- E-læring som kompetansehevande tiltak
- Tildelingskontor
- Multidose institusjon

#### Framtid

##### Moglegheiter (prioriterte):

- Funksjonsinndeling av institusjon
- Omsorgstrapp (aula dagtilbod, velferdsteknologi, bustader med heildøgs omsorg, grøn omsorg, korttidsplassar). Dreiing frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester, BEON-prinsippet. Starte med å få til ei nattevakta til i heimesjukepleia ut frå eksisterande ramme, jf. ressursgjennomgangen, redusere institusjonsplassar med 1 avd i 2016, kvalitetssstandardar, kommunale prisar.
- Turnus tilpassa oppgåver
- Demensteam (sjukepleiar med vidareutdanning i 50 % st (fagansvarleg skjerma og dagsenter) og fagarbeidar med vidareutdanning i 20 % st (+ergoterapeut og lege helse og velferd)), demensplan
- Demenskompetanse; høgskule og vidaregående nivå
- Kreftkontakt 20 %
- Miljøbehandling demens; musikkterapi jf. bebuarundersøkinga 2012.
- Integre Kroken i PLO og få felles turnus med miljøarbeidartenesta
- SAM-AKS
- Læringsnettverk (pasienttryggleikskampanjen Helsedirektoratet)

- IKT
- Velferdsteknologi
- Multidose i heimebaserte tenester

#### SWOT

#### Kritiske forbettingsbehov

##### (prioriterte):

- Strukturere arbeidstid slik at ein kan fastlegge fagtid/møtetid i turnus
- Liten kontinuitet i turnus
- Større leiartettleik
- Stort kompetansebehov i sektoren; høgskuleutdanna, geriatri og demens, rehabilitering, miljøbehandling, IKT
- Vanskår med å rekruttere kompetanse i vikariat og faste stillingar
- Bygg
- Dyr drift; ikkje berekraftig etter 2020
- Manglar omsorgstrapp

#### Spesielle utfordringar

##### (prioriterte):

- Auke i talet på eldre med demenssjukdom og komorbiditet, samt alderssamansetjing generelt frå 2020). Færre i arbeidsdyktig alder (2030), obs utfordringar innan folkehelsa i LOM
- Heildøgs omsorgsbustader for ungdommar
- Ufullstendig omsorgstrapp, mangel på differensiert tilbod, manglar heildøgs omsorgsbustader for eldre, ikkje berekraftig drift etter 2020
- Demensteam
- Tryggleiksalarmar; må investere i digitale
- Kompetanse; rekruttere kompetanse, vedlikehald av kompetanse
- Politisk ryggdekkning for omlegging av drifta

### 2.8.2 Nøkkeltal institusjonsbasert omsorg

Kostratal revidert 26.06.2015	Lom			Skjåk 2014	Vågå 2014	kostra- gruppe3 2014	Opp- land 2014	Noreg u/Oslo 2014
	2012	2013	2014					
Netto drifts-utgifter, pleie og omsorg pr. innbygg. 80+ år	349 032	353 201	399 240	386 370	386 801	395 951	357 765	372 802
Netto drifts-utgifter, pleie og omsorg pr. innbygg. 67+ år	125 294	123 340	135 872	120 021	124 292	127 967	110 691	113 253
Andel beboere 80 år og over i institusjonar	72,2%	78,9%	74,3%	93,9%	78,4%	75,0 %	71,9 %	70,5%
Andel innbyggere 80 år og over som er bebuarar på institusjon	16,9%	19,5%	17,8%	21,2%	16,6%	15,8%	12,5%	13,4%
Korr. brutto driftsutg., institusjon, pr. kommunal plass	881 073	909 244	945 927	1 082 811	1 036 880	1 057 232	1 058 60	1 028 644

### 2.8.3 Nøkkeltal heimebasert omsorg

<b>Kostratal revidert 26.06.2015</b>	<b>Lom</b>			<b>Skjåk</b>	<b>Vågå</b>	<b>Komm- gruppe</b>	<b>Opp- land</b>	<b>Noreg u/Oslo</b>
	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>
Netto drifts-utgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 80+ år	349 032 353 201	<b>399 240</b>		386 370	386 801	395 951	357 765	372 802
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbyggjar 67+ år	125 294 123 340	<b>135 872</b>		120 021	124 292	127 967	110 691	113 253
Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	18	19	<b>19</b>	19	44	23	26	20
Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innbyggjar 67-79 år	105	84	<b>85</b>	111	83	91	82	69
Mottakarar av heimetenester, pr. 1000 innbyggjar 80+ år	357	370	<b>404</b>	390	365	384	350	333
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenester	187 500	181 669	<b>195 558</b>	182 151	161 335	224 693	223 557	239 657
Gjennomsnittlig tal på tildelte timer pr veke, praktisk bistand	7,7	9,1	<b>6,0</b>	3,3	8,6	7,4	8,2	9,2
Gjennomsnittlig tal på tildelte timer pr veke, heimesjukepleie	2,0	2,3	<b>2,8</b>	3,1	2,5	5,1	4,0	4,7

### 2.8.4 Målekart

<b>Fokus-område</b>	<b>Kritisk suksess- faktor</b>	<b>Indikator</b>	<b>Noreg</b>	<b>Pleie og omsorg</b>		
			<b>res 2014</b>	<b>mål 2014</b>	<b>res 2015</b>	<b>mål 2016</b>
Institusjon		Pasient/pårørende vert behandla med respekt				6.0
		Alt i alt er pasient/pårørende nøgde med institusjonstenesta				5.5
		Brukarmedverknad				5.0
Heimetenestene		Pasient/bukar/pårørende vert behandla med respekt				5.0
		Pasientar i heimesjukepleia får hjelp i tråd med vedtak				6.0
		Alt i alt er pasient/bukar/pårørende nøgde med institusjonstenesta				5.0
						4,5



### 2.8.5 Forslag til tiltak

#### **Investeringstiltak 2016 – 2019 (over 100 000 kroner).**

Tiltak	2016	2017	2018	2019
Velferdsteknologi	312 500			
Tryggleikseining	125 000			
3 tenestebilar til heimehjelparane	750 000			

#### **Kommentarar og merknader til forslag til investeringstiltak**

Tiltaka er bidrag på vegen til å dreie PLO-tenestene frå ei institusjonsbasert teneste til ei styrking av heimetenestene og tiltaka vil vera med å styrke organisasjonen mot dei store utfordringane vi kjem til å stå overfor i 2020 og utover.

- Velferdsteknologi, 250 000kr/år. Tryggleiksalarmar 50 x 3000 +MVA + innkjøp av annan type velferdsteknologi 100 000 (fallmatter, GPS, varslingsdispenserar for medisin m.m.). Som tiltak for å dreie tenestene, slik at personar kan bu heime lengre, redusere presset på tenestene. Fremje mestring, aktivitet, sjølvstende, tryggleik. Brukarbetaling for tryggleiksalarmar: 125 kr leige + 82 kr til vaksentral/mnd (som i Skjåk).

- Tryggleiksrom 100 000kr/år. Gjere om bad + aktivitørkontor Lom helseheim til tryggleksbustad med to sengjer. Lågterskeltilbod der du kan koma inn ved behov og vera budd på å dele rom. Krev ikkje tildeling/vedtak. Som ledd i ei dreiling av tenestene og minske presset på tenestene samt trygge pasient og pårørande. Badet kan nyttast til spa for bebuarar.
- 3 bilar heimehjelpene, 600000+mva. Heimehjelpene er dei kommunalt tilsette i Lom som køyrer mest og er dei einaste kommunalt tilsette som må bruke eigen bil i arbeidet.

#### **Driftstiltak (nye tiltak over 100.000 kroner, tal i heile tusen kroner)**

Tiltak	Pri	2016		2017		2018		2019					
		Ex.	Mva	%	Inkl.	Ex.	Mva	Inkl.	Ex.	Mva	%	Inkl.	
UHT - koordinator i 25% stilling felles med Skjåk	1												
Demensteam 50% + 20% og 20% auke dagsenter.	2	25	465 000			25	465 000		25	465000		25	465000
Leiarstøtte heimesjukepleia	3	25	465 000			25	465000		25	465000		25	465000
Leiarstøtte AFF/Krokamyre 20% st.	4	25	106 000			25	106000		25	106000		25	106000
Kontaktperson kreft 20% st.	5	25	106000			25	106000		25	106000		25	106000
Vidareutdanning demens 2 x 100% (10 mnd) pluss andre utgifter (kr 100 000)	6	25	936000			25	0		25	0		25	0
2 faste 100% sjukepleiarstillingar i 3 delt t.	7	25	1297000			25	1297000		25	1297000		25	1297000
Inn på tunet	8	100000	25	125000		25	0		25	0		25	0
Ferievikar (300 000)	9		25	472000		25	472000		25	472000		25	472000
Ferievikar (80 000)	9		25	0		25	0		25	0		25	0
Farmasøyt 20% stilling	10		25	124000		25	124000		25	124000		25	124000
Demensomsorgens ABC	11		25	1142000		25	0		25	0		25	0
Velferdstiltak pleie og omsorg	12	100000	25	125000	100000	25	125000	100000	25	125000	100000	25	125000
Kjøp av tenest av private	13	50000	25	62500		25	0		25	0		25	0

## Kommentarar og merknader til forslag til driftstiltak

*Tiltaka er bidrag på vegen til å dreie PLO-tenestene fra ei institusjonsbasert teneste til ei styrking av heimetenestene og tiltaka vil vera med å styrke organisasjonen mot dei store utfordringane vi kjem til å stå overfor i 2020 og utover.*

- **UHT-koordinator 25 % stilling**, 133 000 kr/år: Jf. møte med Skjåk 030915 der Lom og Skjåk deler ei 50% koordinatorstilling. Oppgåver spissa mot demens, legemiddelgjennomgang, velferdsteknologi. Tanken er at koordinatoren kan nytte delar av si stilling til fagutviklingsarbeid direkte i kvar einskild av UTH-kommunane. Tilskot.
- **Demensteam** og auka dagsentertilbod for heimebuande demente, 465 000 kr/år: Fagarbeidar med vidareutdanning demens frikjøpast 20% st + 20% st. Sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri frikjøpast 50% st. Sentral mål jf. Demensplan 2015 (2007): Alle kommunar skal i 2015 ha satt utgreiing av demens i system og det er tilrådd kommunale eller interkommunale demensteam. I Lom er det ynskjeleg med ei samansetjing av lege, sjukepleiar (50 % demensansvarleg), hjelpepleiar (20%) og at ergoterapeut(20%) vert brukt til relevant kartlegging. Helse og velferd må sjå på ressursar for lege og ergoterapeut. I dag, har heimetenestene ein fagarbeidar med vidareutdanning i demens og som har stor interesse for demens. Vedkommande er knytt til utgreiing av demens og er tilsett i heimesjukepleia og i dagsenter (20%) for heimebuande demente kvar tysdag. Tiltak: Det er naudsynt å frikjøpa hjelpepleiar i heimesjukepleia i 20 % stilling for å kunne gjera utgreiingsarbeid i heimebaserte tenester for demensteamet. Det er ikkje rom for å ivareta desse arbeidsoppgåvene innanfor gjeldande rame. For å betre dagsentertilboden for heimebuande demente, er det ynskjeleg å utvide tilboden til 2 dagar/veke. Dette inneber å auke fagarbeidarstillinga til 40%. Auka dagsentertilbod er ein buffer mot institusjonsoppthal. Pleie- og omsorgstenestene har ein sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri som arbeider ved skjerma avdeling. Det er ynskjeleg at denne vert frikjøpt 50 % stilling som koordinator i demensteamet og som fagansvarleg for dagsenter for heimebuande demente og skjerma avdeling.
- **Leiarstøtte heimesjukepleia**, 80 000kr/år : Det er naudsynt å vidareføre ordninga med leiarstøtte i heimesjukepleia for å få fagleg kontinuitet og få gjennomført fagutviklingsarbeid; system, prosedyrar, dreiling mot meir heimebaserte tenester, legemiddelgjennomgang, multidose, integrering av heimehjelpene, stille rapport, velferdsteknologi m.m. Dette inneber omgjering av turnus for sjukepleiar dette gjeld for frå kveldsvakter til dagvakter. Som ein kompensasjon for at sjukepleiar misser kveldstillegget, vert det gjeve ein lønkompensasjon på 5400 kr/mnd
- **Leiarstøtte miljøarbeidartenesta** 20 % stilling, 106 000kr/år: Det har kome klårt signal frå leiar om at det er naudsynt med leiarstøtte slik at oppgåver kan fordelast, for å unngå sjukemelding.
- **Kontaktperson kreft** 20 % i heimesjukepleia, 106 000kr/år: Ordninga vart innført i 2014 utan at bemanningsplanen i heimesjukepleia vart auka. Det er ikkje rom for å frikjøpa ein person ein dag /veke til dette arbeidet innanfor gjeldande rame. Jf. ressursgjennomgangen med Devold bør ein innanfor rama i heimesjukepleia få til ei nattevakt til når tenestetilboden er stramma inn.
- **Vidareutdanning i demens**, høgskule- og vidaregåande nivå , til saman 936 000kr/år: Det er svært liten formell demenskometanse i organisasjonen vår og med dei utfordringane vi står overfor i framtida, er det naudsynt med meir demenskompetanse både på høgskulenivå og på vidaregåande nivå. Det er naudsynt å legge til rette for at ein sjukepleiar og ein hjelpepleiar i sektoren kan ta vidareutdanning der ein dekkjer vikarutgifter og utgifter i samband med studiet. Her er kan det bli heiltidsstudium over eitt år, eller deltidsstudium over to år.

- **2 faste 100 % sjukepleiarstillingar,** 1 297000kr/år. Vi har marginal sjukepleiardekning. Vi har ein ung sjukepleiarstab, fråver sjuke born, svangerskapspermisjonar, og eldre sjukepleiarar. Vi greier ikkje å rekruttere sjukepleiarar til vikarstillingar. Dette trugar forsvarleg drift. Tiltaket kan bidra til å ivareta forsvarleg drift og til å redusere presset på sjukepleiarane, og på den måten også vera eit verkemiddel for å redusere sjukefråver. Fleksibel bruk både på institusjon og i heimesjukepleia.
- **Inn på tunet,** 100 000kr/år. Kjøp av tenester av private. Ledd i å dreie tenestene, redusere presset på heimetenestene og institusjon. Avlastningstilbod. Ledd i utval av tilbod. Ivareta behovet for meistring, aktivitet, sosial omgang, individuell tilrettelegging. Planar/ ynskje om å ha ein dagsenter dag som IPT-prosjekt.
- **Ferievikarbudsjett,** 472 000kr/år. Vi treng kvalifisert personell for å dekke opp ferien, må truleg nytte vikarbyrå for å ivareta forsvarlegheit under ferieavvikling. Naudsynt med ein månad sommarferie for tilsette for å hindre at ein har ferieavvikling kontinuerleg heile året. Dette krev mest trule bruk av vikarbyrå. Dersom vi nyttar vikarbyr vert ei stipulering på 5/52 for knapt.
- **Farmasøyt** 20% stilling (kjøp av teneste), om lag 124 000kr/år. Kommunen si plikt til å gjere systematiske legemiddelgjennomgangar av bebuarar i sjukeheimar, kjem truleg til å bli føresegnfesta jf. ny stortingsmelding om legemidlar. Det er farmasøyt som er mest kvalifisert til dette arbeidet og legen vil med dette bli frigjort til å gjere legeoppgåver. Tilsyn legemiddellager og rutinar legemiddelhandtering og opplæring vil kunne inngå. Dette er kvalitetssikring og framtidssetta tiltak.
- **Demensomsorgens ABC,** 4200 timer/år. I Demensplanen 2015 er det satsa på å utvikle studiemateriale Demensomsorgens ABC som inneholder tre perm, dei to første med aktuelt fagstoff om demens, utgreiing og oppfølging for best mogleg behandling av personar med demens. Det vert lagt vekt på pårørande sin situasjon og korleis desse kan støttast. Studiehefta introduserer praktiske observasjonsreiskapar og følgjer tilrådd behandling og tenester og tenester som er beskrive som satsingar i Demensplanen 2015. Den tredje perm Demensomsorgens ABC Miljøbehandling, byggjer på deltakarane sine kunnskapar frå dei to førre permane. Med utgangspunkt i personsentrert omsorg vises metodar for å utvikle miljøbehandling i praksis og organisering av miljøtiltaka på individ og gruppenivå. Denne perm er tilrådd gjennomført i studiegrupper der deltakarane arbeider i same avdeling. Det er ynskjeleg at alle som ikkje har teke dette frå før, gjennomgår denne kompetansehevinga. Opplæringa vil bli obligatorisk og leiarane vil setje opp grupper med medlemmar både frå institusjon og heimesjukepleia/heimehjelpene. Vi fokuserer på dei to første permane. 1 år/perm. Kvar perm inneholder om lag 12 høfte og det er rekna møter kvar 14. dag unntatt i ferien. Kvart møte er rekna til to timer, der arbeidsgjever dekker ein time til utbetaling. 2760 timer/år. Det krevst 80 % oppmøte for å få godkjenning(studiebevis). Det er rekna 2 fagdagar (SAM-AKS) pr. perm som arbeidsgjever betaler; 2880 timer/år. Permane kostar kr 450,- pr stk, tilsaman kr 54 000. Fylkesmannsembeta over heile landet er involvert i ABC-satsinga og kommunane har høve til å søke om midlar til ABC-opplæringa frå kompetanseløftet 2015. Helsedirektoratet har som del av Demensplan 2015 og Kompetanseløftet 2015 gjeve Nasjonal kompetanseneste for aldring og helse oppdraget med å lede ABC-satsinga og støttar økonomisk, slik at dei halvårige seminara kan gjennomførast utan kostand til førelesarane. Aldring og helse samarbeider med kompetansemiljø om gjennomføring av seminara og oppfølging av kommunane (SAM-AKS). Pleie- og omsorgstenestene i Lom og Skjåk vil gjennomføre dette, vi har hatt felles møte og har felles strategi.

## **Del 3      Administrasjonssjefen sitt forslag**

### **3.1    Prioriteringar og innsparinger i budsjettforslaget**

Over fleire periodar har det vore generelle budsjettinnsparingar, noko som over tid gjev utfordringar for dei som skal forvalte budsjettet. Frå hausten 2015 vart Garmo skule lagt ned. Dette var ei strukturendring som forbetrar den økonomiske situasjonen for kommunen. Det er like vel store behov for strukturelle endringar. Med utgangspunkt i årsmeldinga for 2014, vurdert opp i mot KOSTRA-tal vil ein ved å samanlikne med landsgjennomsnittet på viktige tenesteområde, sjå ut til å ha eit «antatt» innsparingspotensiale som er slik:

- Skulane - opp til kr 1 900 000.
- Pleie- og omsorg - frå kr 7 000 000 – 10 000 000.
- Kommunehelsetenesta - opp mot kr 1 500 000.

KOSTRA – tala syner og at Lom kommune brukar lite på personalressursar i administrasjonen:

- Løn til administrasjon ligg frå kr 2 000 000 – 4 000 000 under det samanliknbare kommunar nyttar til administrasjon. *Administrasjonen i Lom er liten.*

Som prinsipp i budsjettarbeidet vidarefører vi siste vedtekne budsjett som utgangspunkt for det nye budsjettet. Dette blir justert for lønsauke og avtalemessige forhold som gjev grunnlag for endring.

Etter disse justeringane starta vi på ei underbalanse på kr 7 400 000. Dette kjem fram som ein konsekvens av auke i frie inntekter over statsbudsjettet samanlikna med vår «pålagte» utgiftsauke. Det er gjennomført grundige prosesser med alle tenesteområda. For barnehagen har fokuset derfor vore å få inn dei ressursane som er naudsynt for å dekkje innsøkjinga som har vist auke. For dei andre områda har fokuset i prosessen vore å finne innsparingstiltak.

Tiltaka som er foreslått inn i budsjettet gjev oss eit balansert budsjett. Det gjev oss like vel ikkje grunnlag for avsetting til fond. Justert netto driftsresultat er under den vedtekne målsetting på 2 %.

Det vil like vel ikkje vera mogleg eller forsvarleg å ta budsjettet til dette nivået på eitt år. Som ein ser av driftsbudsjettet for 2017 og framover i økonomiplanperioden, vil vi få eit godt driftsnivå med dei tiltaka som er planlagt gjennomført innan Pleie og omsorg.

Nedanfor er forklaring til dei forskjellige tiltaka som er teke inn i budsjettforslaget:

#### *Rådgjevar oppvekst*

- Jotunfjell Leirskule og Varden Fjellskule har hatt ei avtale med at Lom kommune kan dekke inntil kr 50 000 for kvar skule, om drifta gjev underskot. Det blir foreslått å seia opp disse avtalane, der effekt på budsjettet blir kr 100 000.

#### *Støttefunksjonen*

- 75 % av biblioteksjefstillinga er stilt vakant frå 1.1.2016 – 31.8.2016. Dette utgjer ei innsparing på kr 360 000.

- Det er redusert med ei 50 % stilling ved Servicetorget, dette utgjer omlag kr 290 000. Dette reduserer kapasiteten ved Servicetorget, noko som kan gå utover leveringsevna både med leveringstid og presisjon. Tilsette har elles hatt ein pressa arbeidssituasjon.

- Kompetanseutvikling i kommunen er redusert frå kr 300 000 til kr 200 000.

For ei kompetansebedrift er det viktig å ha handlingsrom for å arbeide med kompetanse- og utviklingsarbeid. Behovet for kompetansemiddel er høgare enn det budsjettet legg opp til. Vi vil like vel foreslå at budsjettet blir redusert for 2016.

- Vi har hatt ein post for lønsjustering liggande i budsjettet for Støttefunksjonen., som skal fordela last på alle tenesteområda. Budsjettposten har etter lønsforhandlingar, blitt fordelt ut på dei enkelte tenesteområda. Det er i det vesentlege gjennomført reell lønsbudsjetting, slik at denne posten er redusert med kr 295 000, og er i dag på kr 30 000. Dette medfører at vi blir sårbare i forhold til personellmessige endringar, og kan ikkje handtere alle utfordringar like godt.

#### • Aktivitetstilbod for barn og unge.

Ungdomsklubben har godt besøk kvar klubbkveld, der ca. 50 ungdomar er samla. Det verkar til at klubben dekker eit behov blant ungdomane. Budsjettet er på kr 223 000, inkludert kr 90 000 som er øyremerka tilskot til lag og organisasjoner. For å avhjelpe balansesituasjonen, og som eit eingongstiltak, blir det foreslått å dekke aktivitetene frå middel som er avsett på fond til «rusførebyggande tiltak blant barn og unge». Fondet er bygt opp frå skjenkeavgifter, årlege innbetalingar frå dei som har skjenkeløyve.

- Nattravntenesta. Denne blir administrert av Friviljugsentralen, og betalt av Lom kommune. Denne posten utgjer kr 19 000. Dette beløpet blir og foreslått dekt av fond til «rusførebyggande tiltak». Post c og d vil da ikkje belaste balansesituasjonen i 2016. Dette er eit tiltak som må gjelde berre for 2016.
- Støttefunksjonen administrerer kommunale utelegebustader og bustader til flyktningane. Fleire av leigeprisane er godt under marknadsprisen. Ut frå det, kan dei kommunale leigeprisane undergrave den private marknaden. Ein legg seg i forslaget til nye leigeprisar, på det ein vurdere som marknadsprisen. Prisane er og vurdert opp mot prisane i nabokommunane. Ein del av avtalane har straum inkludert i prisen, medan andre er utan straum inkludert. Dette er ordna slik, ut i frå praktiske grunnar med oppvarming. Auke i utelegeinntektene er berekna til kr 540 000 i netto.
- Medan GIAX AS hadde avdeling i Lom, var det ei avtale om at kommunen skulle finansiere drifta av eit tiltak med kr 150 000 kvart år. Denne avtala gjekk ut da GIAX AS la ned sin avdeling i Lom. Etter ynskje, vart posten ståande i budsjettet for 2015. Posten er nå teke ut.
- Det er etablert leigeavtalar for Eggalias industribygg og Gamle Loar kulturhus, der leigeinntekta for 2016 er ca. kr 150 000. På Midtgard mista vi leigeinntekta frå NAV, som hadde eit stort areal.
- Dei årlege inntektene for Smådøla-utbygginga er redusert frå kr 1 000 000 til kr 600 000 på grunn av lågare kraftprisar.
- Sal av konsesjonskraft er kr 1 560 000 mindre enn i budsjettet for 2015.
- Utgifter til juridisk bistand er auka med kr 60 000, til kr 100 000.
- Budsjettpost på kr 80 000 til lag og organisasjoner med formål å arbeide for barn og unge er redusert til kr 50 000.
- Budsjett for tilskot til lag og organisasjoner innanfor kulturområdet er redusert med kr 45 000, til kr 60 000.
- Tilskot til Lom idrettsråd er redusert frå kr 590 000 til kr 530 000, ein reduksjon på kr 60 000.
- Tilskot til Lom kyrkjeleg råd er uendra frå 2015.
- Skattesatsen for eigedomsskatt er foreslått auka med 0,1 % frå 0,4 % til 0,5 %. Dette utgjer

omlag kr 350 000 auka inntekt.

#### *Skulane*

- Kostra – tala for 2014 syner at skulane har godt med ressursar i Lom, og at vi ligg over dei fleste skulane i Oppland. Tala syner at det kan vera eit reduksjonspotensiale opp mot kr 1 900 000. Dette er potensiale der nedlegging av skulen i Garmo er teke omsyn til. I budsjettarbeidet har det vore kjørt felles prosess blant skulane. Om ein ser på skulane samla, og trekker ut lønsauka frå 2015 til 2016 og tek omsyn til inntektsauka ved Lom ungdomsskule, så er det ein reduksjon i budsjettet på kr 3 800 000. Den økonomiske innsparingen ved å legge ned Garmo skule var stipulert til kr 2 500 000. Den reelle endringa i skulane sine budsjett er på kr 1 300 000. I beløpet på kr 1 300 000 ligg både innsparingar og auka inntekt for opplæring i norsk og samfunnsfag av flyktningar.

Det har vore ein grundig gjennomgang av skulane sine budsjett, opp mot tal elevar/klasser, spesialundervisningsvedtak og behov for deling i enkeltfag.

Det er ei oppfatning av at budsjettet for skulane gjev grunnlag for ei forsvarleg drift.

#### *Barnehagen*

- Barnehagen har hatt eit budsjett som har dekt minimumskrav. Det har skjedd endringar ved at det er fleire barn under 3 år som søker barnehageplass, og dermed blir behovet for personellressursar større enn det er ved barn over 3 år.
- Barnehagen har låge kostnader, dette ut i frå samanlikning med KOSTRA – tal, og har hatt ei minimumsløysing. For Loar barnehage er det auka med 60 % stilling frå hausten 2015. Garmo barnehage har ei utviding med 2 stillinger frå hausten 2015, samt ei stilling frå 2016.

#### *MTN*

- For MTN er stillinga som kommunalsjef stilt vakant. Dette utgjer kr 840 000.

#### *Utgard*

- Utgard er ei viktig brikke for kulturlivet og for tilrettelegging for konferansar som det private næringslivet i Lom kan ha fordelar av. Bygget var nytt i 2013. Vi har hatt nokre driftsår, som har gjeve oss noko erfaring. Det er viktig at ein held god og jann standard på bygget. Ut frå erfaringstal, kan vi for 2016 redusere utgiftene til forskjellig vedlikehald med kr 300 000 for 2016. Vedlikehaldsbudsjettet må ein rekne med må

aukast for seinare år i økonomiplanperioden. Vi vel og å redusere arrangementsutgiftene med kr 325 000. Dette gjev oss mindre handlingsrom i forhold til å arbeide for å få tak i konferansar. Ut frå budsjetttsituasjonen, kan ein for 2016, redusere budsjettet med dette beløpet.

- Det er teke inn kr 100 000 for drift av symjebasseng.

#### *Helse- og velferd.*

• I overføring til Skjåk kommune for tenester frå NAV, ligg det inne ei 50 % stillingsauke. Dette for å forebygge framleis auke i sosialhjelpsbusjettet.

• Budsjettet til fosterheimar er redusert med kr 420 000. Dette skuldast reduksjon i talet på fosterbarn.

• Det blir foreslått å auke husleigesatsane frå 1.1.2016. For HV vil dette utgjera kr 50 000.

#### *Pleie- og omsorg*

• Det har vore arbeidd saman med ekstern konsulent for å konkretisere potensiale og

prosess med omstrukturering av Pleie- og omsorg. Rapporten frå konsulenten har kartlagt eit potensiale på kr 8,0 – 9,0 millionar kroner over tid. I budsjettet for 2016 ligg det inne ein innsparing på kr 1 600 000, som er tiltak som konsulenten har med i sine berekningar. Innsparinga aukar med om lag kr 2 500 000 kvart år fram til og med 2019.

- Det blir foreslått å auke husleiga frå 1.1.2016. Satsane er oppstilt i eige tabell. For PLO utgjer auka i husleigesatsar til omsorgsbustader kr 580 000. Årsaken til denne store auken er at det over år har vore ingen eller moderat auke av satsane. Det er derfor lagt inn auke for å møte sjølvkostnivået kommunen har for å drifte og legge dette til rette for leigetakarane.

Endring innanfor omsorgssektoren er ein omfattande prosess, som krev tid. Her er det viktig å ha gode prosessar med involvering av tilsette.

## 3.2 Kraftinntekter og signal om utbytte frå Eidefoss

#### *Forvaltning av konsesjonskraft*

Konsesjonskrafa er sold gjennom forvaltningsavtale med Eidefoss. Budsjettføresetninga er ein kombinasjon av den krafa som alet er sold og sikra i marknaden og marknadsprisar. Endringar i kraftprisar vil endre grunnlaget for vårt budsjett.

#### *Utbytte frå Eidefoss AS*

Utbytte frå Eidefoss AS er vurdert til 6,6 millionar kroner. Dette er sjølv sagt avhengig av resultatet i selskapet.

## 3.3 Budsjett og økonomiplan opp mot den økonomiske handlingsregel

#### *Justert netto driftsresultat:*

Vi ser at netto driftsresultatet vil vera under målet på 2 % for 2016. Driftsnivået er like vel teke ned. Ein må nyte fleire år på å koma ned på eit godt nok økonomisk nivå i dei forskjellige måltala. Omlegginga innanfor Pleie og omsorg, som går over tid, viser budsjettet forbetring av driftsbalansen framover i økonomiplan-perioden. Etter økonomiplanen vil justert netto driftsresultat koma opp over 5 % for 2019. Ser ein dette mot utvikling i den langsiktige gjelda, og behovet for fondsoppbygging er det naudsynt med gode driftsresultat framover. Gjeldssituasjonen og behovet for oppbygging av fond, gjer at det er behov for eit driftsresultat som er betre enn måltalet på 2 % dei nærmaste åra. Over tid styrer ein etter 2 %.

#### *Langsiktig gjeld:*

Den langsiktige gjelda er høg. Det er behov for å redusere denne. Derfor er det og viktig å ha dette med seg i vurdering av driftsresultatet. I dag har vi svært låg lånerente, som er på ca. 1,7 %. I styringa framover må ein vurdere behovet for å oppnå gode nok resultat med ei høgare lånerente.

#### *Disposisjonsfondet:*

Økonomiplanen syner at vi vil ha ei oppbygging av disposisjonsfondet. Ein bør vurdere kor lang tid ein skal nyte på å bygge opp den økonomiske handlefridomen i samsvar med handlingsregelen. Disposisjonsfondet blir styrka gjennom planperioden. Her kan ein og vurdere dette opp mot gjeldssituasjonen, og vurdere om ein skal betale ned den langsiktige gjelta utover ordinære avdrag.

**Budsjett og økonomiplan opp mot den økonomiske handleregel:**

<b>Vurdering av den økonomiske handlingsregel</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Sum driftsinntekter	218 658 687	218 937 087	219 495 087	219 324 087
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>8 209 118</b>	<b>10 821 818</b>	<b>13 685 418</b>	<b>18 214 573</b>
<b>Justerering:</b>				
Premiefond	6 314 000	6 314 000	6 314 000	6 314 000
<b>Justert netto driftsresultat</b>	<b>1 895 118</b>	<b>4 507 818</b>	<b>7 371 418</b>	<b>11 900 573</b>
<b>Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter</b>	<b>0,9 %</b>	<b>2,1 %</b>	<b>3,4 %</b>	<b>5,4 %</b>
Mål etter økonomisk handlingsregel	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %
Mål justert netto driftsresultat	4 373 174	4 378 742	4 389 902	4 386 482
<b>Avvik mellom budsjett og handlingsregel for netto driftsresultat</b>	<b>-2 478 056</b>	<b>129 076</b>	<b>2 981 516</b>	<b>7 514 091</b>
<b>Lånegjeld (Inkludert startlån):</b>				
Lånegjeld	234 500 000	237 400 000	230 140 000	218 000 000
Lån i % av driftsinntekter	107 %	108 %	105 %	99 %
Mål etter handlingsregel	65 %	65 %	65 %	65 %
Mål maks lånegjeld etter handlingsregel	142 128 147	142 309 107	142 671 807	142 560 657
<b>Behov for reduksjon i lånegjeld</b>	<b>92 371 853</b>	<b>95 090 893</b>	<b>87 468 193</b>	<b>75 439 343</b>
<b>Dispositionsfond:</b>				
Utvikling disposisjonsfond	2 964 000	5 033 000	9 946 000	19 368 000
Mål etter handlingsregel i % av driftsinntekter	10 %	10 %	10 %	10 %
Måltal i kroner	21 865 869	21 893 709	21 949 509	21 932 409
<b>Avvik i forhold til måltal</b>	<b>-18 901 869</b>	<b>-16 860 709</b>	<b>-12 003 509</b>	<b>-2 564 409</b>

### 3.4 Innstilling fra administrasjonssjefen

#### 3.4.1 Skattevedtak

Med grunnlag i eigedomskattelova §§ 2 og 3e, skal eigedomskatt skrivast ut etter desse alternativa for skatteåret 2015:

- Faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, jfr. KS-sak 125/75.
- Verker og bruk i heile kommunen.

Den generelle skattesatsen for dei skattepliktige eigedomane blir for 2015 sett til 7 promille, jfr. esktl. § 13 fyste ledd. Skattesatsen blir differensiert med heimel i eigedomskattelova § 12 bokstav a. For bustadar / bueiningar og fritidseigedomar, blir skattesatsen sett til 5 promille.

Alle sjølvstendige bueiningar skal ha eit bottenfrådrag på kr 450 000 som skal trekast frå takstverdien, jfr. esktl. § 11 andre ledd.

Nyoppførte bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er fritekne for eigedomskatt i 10 år (eigedomskattelova § 7 bokstav c) inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret. Ved taksering og utskriving av eigedomskatt nyttar kommunen tidligare vedtekter.

### 3.4.2 Rameendringar

<b>Ansvarområde - type reduksjon</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Endring</b>
STØTTEFUNKSJON	-127 008 805	-127 492 453	-483 648
OPPVEKST	30 871 335	28 762 610	-2 108 725
BARNEHAGE	11 410 097	14 037 159	2 627 062
MILJØ, TEKNISK OG LANDBRUK	9 266 204	9 445 938	179 734
UTGARD	1 048 329	510 727	-537 602
HELSE OG VELFERD	18 428 794	18 510 905	82 111
INSTITUSJONSBASERT OMSORG	28 139 538	53 854 914	25 715 376
HEIMEBASERT OMSORG	24 432 928	0	-24 432 928
ADMINISRATIV STAB	3 411 580	2 370 200	-1 041 380

- Bustad i Bøverdalen (Odda barnehage) leggjast ut for sal.
- Avtale med fjellskulane om dekking av underskot inntil kr 50 000 for kvar skule blir sagt opp.
- 75 % av biblioteksjefstillinga blir stilt vakant t.o.m. 30.8.2015.
- Reduksjon på 50 % stilling ved Servicetorget frå 1.1.2016.
- Inntekter på sal av bygdabøker blir ikkje avsett til næringfondet, men går til finansiering av drift i 2016
- Middel til kompetanseutvikling blir redusert med kr 100 000 til kr 200 000
- Aktivitetstilbod for barn og unge, inkludert tilskot til lag og organisasjoner og natteravntiltak blir finansiert med fond for «Rusførebyggande arbeid».
- Middel til AFT – (GIAK avd Lom) blir teke ut av budsjettet.
- Tilskot (etter søknad) med formål å arbeide for barn og unge reduserast med kr 50 000 til kr 120 000.
- Tilskot (etter søknad) til kulturføremål reduserast med kr 45 000 til kr 130 000.
- Tilskot til idretten blir redusert med kr 60 000 til kr 530 000.
- Tilskot til Friviljugsentralen blir redusert med 14 000
- Skattesatsen for egedomsskatt aukast med 0,10 %, frå 0,40 % til 0,50 %.
- Kommunalsjefstilling ved MTN stillast vakant i 2016.
- Budsjettet til Utgard reduserast med kr 525 000, der drift av renovert symjebasseng er teke omsyn til med kr 100 000.
- Lom kommune finansierer ei 50 % stillingsauke ved NAV Lom og Skjåk.
- Som del av omstrukturering og omorganisering ved Pleie- og omsorg blir budsjettetramma redusert med kr 1 600 000.

### Lom kommune - utleigebustader prisar

Kommunal bustad	Husleige pr mnd pr 31.12.15	Ny husleige pr. mnd frå 01.01.2016	Endring i kr	Forklaring
Tverråket	3250	6500	3250	Eks straum
Ulstad	6745	6750	5	Eks straum
Gjeisarbakken	6100	8000	1900	Inkl straum
Røyskattlie	8400	8400	0	Inkl straum
Røyskattlie 24 og 28	8000	8000	0	Inkl straum
Guritjønnbakken 2A	8400	8400	0	Inkl straum
Guritjønnbakken 2B	8000	8000	0	Inkl straum
Øvre Ulstadveg 35A	3218	6500	3282	Eks straum
Øvre Ulstadveg 29A	4206	7500	3294	Eks straum
Hamrom	3718	5000	1282	Eks straum
Leirmo	3250	5000	1750	Eks straum
Kroken	5254	6300	1046	Eks straum
Trygdebustad	2975	4500	1525	Eks straum
AFF	4124	6000	1876	Eks straum
Pensjonatet	2975	4500	1525	Inkl. straum
Omsorgsbustad - Krokamyrvegen	5996	7000	1004	Eks straum
Omsorgsbustader	4124	6000	1876	Eks straum

3.4.3 Driftsinntekter - forslag til satsar

Kap.	Område	2015	2016
3.4.3.1	Satsar for musikk- og kulturskulen, pr. år - Eineundervisning og dans - Gruppeundervisning drama og formgjeving - Leige av instrument	2 400 1 200 300	2 400 1 200 500
	Syskenmoderasjon: For barn nr. 2 - 40%, for barn nr. 3 - 50%, moderasjon gjeld ikkje dans, dram og formgjeving		
3.4.3.2	Satsar for skulefritidsordninga, pr. mnd. - Til og med 14 timer pr. veka - 15 timer og meir i veka - Dagsats - Timesats	1 250 1 980 310 95	1 250 1 980 310 95
3.4.3.3	Satsar for barnehagen, pr. mnd. - Fem dagar i veka (maksimalsats) - Fire dagar i veka - Tre dagar i veka - To dagar i veka - Einskild dag	2 580 2 400 2 050 1 600 250	2 580 2 400 2 050 1 600 250
